

**Lindås kommune**

Dykkar ref. :17/2017 - 18/5547

**Avslag på oppmoding om omgjering av vedtak- oppføring av tilbygg til fritidsbustad, gnr. 245 bnr. 18 i Lindås kommune.**

**Også kommentar til privatiseringseffekten og presedensverknaden av utbygginga på gnr. 245 bnr. 12.**

Privatiseringsefekten ved utbygginga å bnr.12 har vore meir tydeleg enn me hadde sett føre oss. I samband med nabovarselet vart det sagt at me sjølvsagt måtte bruka deira kai for ilandstiging, og eg vil tru at det burde gjelde alle på bnr. 2. Men på godvêrsdagar er det ingen hos oss som er komfortable med å gå i land der, det sit ofte mykje folk på den bryggja med strandstolar, bord og anna som kjennes avvisande. Det hender at me gruer oss for å ta ut vår eigen båt. Hadde me sett dette for oss hadde me hatt motsegn mot denne utbygginga og. Utan at me har målt opp tykkjer me at det har vorte meir omfattande enn det nabovarslet gav intrykk av.

Det same må me rekna med vil skje dersom bnr. 18 får sine dispensasjonar. Elles vil eg sei at bnr. 12 og bnr. 18 ikkje er naboar, bnr. 2 ligg mellom. Dei er derimot nær familie.

Når det gjeld presesdensverknad: Vår plass til å stiga i og or ein båt er langt vanskelegare enn den bnr. 12 har, og også bnr.18, og burde absolutt vore endra/utbetra. Det er noko me lenge har tenkt på, men lagt til side av di me rekna med at dette var i konflikt med strandlova.

Frå gnr. 245 bnr. 2

Solbjørg Simonsen

Kåre Kirkevik